

## 1 Personlege opplysningar

Namn, adresse og postnummer/-stad

Fødselsdato







Personnummer







Kundenummer i Lånekassen








## 2 Kven kan søke?

Ordninga gjeld for låntakarar som er busette og yrkesaktive i Finnmark og i desse kommunane i Nord-Troms: Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen og Karlsøy. Ordninga omfattar også yrkesaktive legar i andre utvalde kommunar. Vi hentar informasjon om bustad frå Folkeregisteret.

For å få sletta gjeld må du ha budd og vore yrkesaktiv i regionen i tolv månader samanhengande. Dette blir kalla ein oppteningsperiode. Lånet må ha vore rentebærende same periode (tolv månader).

**Søknadsfrist:** tre månader etter avslutta oppteningsperiode. Eit eksempel: for perioden 15.08.2022–14.08.2023 må søknaden vere mottatt i Lånekassen seinast 14.11.2023.

Les meir om vilkåra på side 2 og på [www.lanekassen.no/betaling-nn](http://www.lanekassen.no/betaling-nn).

Det er viktig at du

- søker om sletting av gjeld straks oppteningsperioden er slutt.
- ventar til du får svar på søknaden før du betaler rekningar som forfell etter oppteningsperioden. Du vil ikkje få ny rekning eller purring så lenge søknaden er til behandling.
- kontaktar Lånekassen dersom du har betalt for høgt terminbeløp og ønsker noko av beløpet refundert.

## 3 Oppteningsperiode (tolv månader)

Oppgi perioden du søker om sletting av gjeld for

	Dag	Månad	År
Frå	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Til	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>

Dersom du har søkt om sletting av gjeld før, finn du informasjon om tidlegare periodar i vedtaksbrevet i postkassa på Dine sider.

## 4 Omsorg for barn eller pleietrengande

Punkt 4 skal berre fyllast ut dersom du søker om sletting av gjeld på grunn av omsorg.

Har du omsorg for eigne barn under ti år?

Gjeld også barn som fyller ti år siste kalenderår i oppteningsperioden. Du skal berre oppgi barn du bur saman med minst 40 prosent av tida.

Ja  Nei

Oppgi fødselsnummer for det yngste barnet

Fødselsdato







Personnummer







**Dokumentasjon:** Vi kontrollerer opplysningane via Folkeregisteret. Dersom barnet/barna ikkje er registrerte på same adresse som deg i Folkeregisteret, må du sjølv dokumentere minst 40 prosent samvær (for eksempel ved ein samværsavtale).

Har du omsorg på fulltid for pleietrengande i nærmaste familie?  Ja  Nei

**Dokumentasjon:** Dersom ja, legg ved dokumentasjon frå lege eller offentlig instans som viser perioden du har hatt fulltidsomsorg.

Har du vore busett eller hatt minst 50 prosent stilling i ein kommune utanfor Finnmark eller Nord-Troms i oppteningsperioden?  Ja  Nei

## 5 Arbeidsforhold

Kryss av for det arbeidsforholdet som stemmer for deg

Arbeidstakar  Sjølvstendig næringsdrivande

Namn på arbeidsgivar eller eige firma

Adressa til arbeidsgivar/firma

**Dokumentasjon:** Legg ved dokumentasjon frå arbeidsgivar som dekker heile oppteningsperioden. Desse opplysningane må med:

- arbeidsstad
- periode i arbeid og stillingsprosent
- om du har hatt permisjon i oppteningsperioden

Har du vore arbeidsledig, må du legge ved meldehistorikk frå Nav.

Har du vore sjuk, må du legge ved dokumentasjon frå Nav som viser perioden du har fått sjukepengar.

Har du vore sjølvstendig næringsdrivande i perioden, sjå side 2 for kva dokumentasjon du må sende inn.

Har du jobba som lege i ein av kommunane som blir omfatta av ordninga må du legge ved ein stadfesting frå kommunen eller arbeidsgivar. Stadfestinga må innehalde stillingsprosent og perioden du har jobba i kommunen (frå- og til-dato). Har du jobba i ein av dei tidlegare kommunane Torsken, Berg, Tysfjord eller Fosnes, må det gå fram av stadfestinga.

## 6 Andre forhold

Har du vore i fulltidsutdanning (gjeld også lærlingar), i førstegongsteneste eller i utdanning ved militær skole i heile eller delar av oppteningsperioden?  Ja  Nei

Har du fått arbeidsavklaringspengar i heile eller delar av oppteningsperioden?  Ja  Nei

**Dokumentasjon:** Har du svart ja på eitt av spørsmåla over, må du legge ved dokumentasjon som viser perioden (frå-dato og til-dato). Les om avgrensing av retten til å få sletta gjeld på side 2.

## 7 Underskrifta di

Eg stadfester at eg har lese vilkåra på side 2.

Dato og underskrift

## Fylkessamanslåing

Frå 2020 er Finnmark og Troms slått saman til det nye fylket Troms og Finnmark, men det påverkar ikkje ordninga med sletting av gjeld. For å få sletta gjeld må du framleis bu og arbeide i det som tidlegare var regionen Finnmark og Nord-Troms. Inntil vidare bruker vi derfor dei gamle namna på fylka i denne søknaden.

## Frist for å søke om sletting av gjeld

Du bør sende inn søknaden straks oppteningsperioden er over. Kjem søknaden inn til Lånekassen meir enn tre månader etter avslutta oppteningsperiode, mister du retten til å få sletta gjeld for heile eller delar av perioden. Pass på at all dokumentasjon du sender inn, er datert etter at perioden du søker for, er passert.

## Oppteningsperiode

Du kan få sletta gjeld på etterskott når du har budd og vore yrkesaktiv i Finnmark eller Nord-Troms i tolv månader samanhengande (ein oppteningsperiode), og elles fyller dei andre vilkåra (sjå nedanfor). Lånet må ha vore rentebærende same periode (tolv månader).

Du må som hovudregel ha vore folkeregistrert i regionen i oppteningsperioden. Du må ha meldt flytting til Folkeregisteret innan oppstart av oppteningsperioden. Dersom du bur i eller flyttar til regionen, blir oppteningsperioden rekna frå den dato du begynte i arbeid der.

Dersom du har vore sjukmeld frå eit arbeidsforhold i regionen som tilsvarer minst 50 prosent av full stilling, blir det og tatt med i oppteningsperioden.

Har du avbrote oppteningsperioden på grunn av førstegongssteneste, eller på grunn av utdanning i inntil eitt år, kan tida før avbrotet bli rekna med i oppteningsperioden.

Oppteningsperioden kan bestå av ein kombinasjon av ulike årsaker for sletting av gjeld.

## Vilkår for sletting av gjeld

For å få sletta gjeld må du vere yrkesaktiv. Du blir rekna som yrkesaktiv dersom du har

- arbeid som tilsvarer minst 50 prosent av fulltidsarbeid i gjennomsnitt i heile oppteningsperioden
- fulltidsarbeid i minst seks månader og er registrert som arbeidssøkar til fulltidsarbeid i resten av oppteningsperioden
- omsorg for barn under ti år. Du må bu saman med barnet/barna minst 40 prosent av tida
- omsorg på fulltid for pleietrengande i nærmaste familie
- studiepermisjon med lønn eller stipend som tilsvarer minst 50 prosent av full stilling. Lønna må ha blitt betalt av ein arbeidsgivar i regionen
- bustad i og er skattepliktig til regionen, men arbeider i transportsektoren, på skip, oljeleitingfartøy eller boreplattform

Du kan også ha rett til å få sletta gjeld dersom du er yrkesaktiv lege i ein av desse kommunane:

- **Troms og Finnmark:** Gratangen, lbestad
- **Nordland:** Rødøy, Nesna, Bø, Øksnes, Evenes, Vega, Flakstad, Moskenes og Andøy
- **Trøndelag:** Leka, Røyrvik, Høylandet og Lierne
- **Møre og Romsdal:** Aure

Ordninga gjeld òg låntakarar som har vore yrkesaktive legar i dei tidlegare kommunane Torsken og Berg i Troms, Tysfjord i Nordland og Fosnes i Trøndelag.

## Avgrensing av retten til å få sletta gjeld

Du vil ikkje regnes som yrkesaktiv hvis du har vore i fulltidsutdanning som gir rett til støtte i Lånekassen. Da har du heller ikkje rett til å få sletta gjeld. Dette gjeld sjølv om du ikkje har fått støtte frå Lånekassen til utdanningen.

Førstegongsteneste eller utdanning ved militære skolar regnes heller ikkje som yrkesaktivitet og gir ikkje rett til å få sletta gjeld.

Å få arbeidsavklaringspengar blir ikkje rekna som å vere yrkesaktiv og gir dermed ikkje rett til sletting av gjeld. Men dersom du samstundes oppfyller eitt av dei andre krava til å vere yrkesaktiv, for eksempel at du har fått minst 50 prosent sjukepengar, kan du likevel ha rett til å få sletta gjeld.

## Så mykje kan du få sletta

Beløpet blir fastsett for eitt år om gongen. Beløpet som kan bli sletta, er tjue prosent av det opphavlege lånet (fråtrekt beløp som er sletta etter andre ordningar, eller som du har fått utan å ha rett til det). Maksimalt beløp du kan få sletta, er 30 000 kroner per år. Er det opphavlege lånet ditt mindre enn 10 000 kroner, blir det likevel sletta 2 000 kroner per år.

## Dokumentasjon for sjølvstendig næringsdrivande

Er du sjølvstendig næringsdrivande, må du sende inn dokumentasjon som viser perioden du har vore sjølvstendig næringsdrivande, med stadfesting frå rekneskapsfører og godkjend skattemelding for næringsdrivande for det siste året. Dokumentasjonen må vise organisasjonsnummeret til firmaet/verksemda. Bønder må sende inn stadfesting frå landbrukskontoret i kommunen. Fiskarar må sende inn stadfesting frå fiskerirettleiaren i kommunen. Dei som driv med reindrift, må sende inn stadfesting frå reindriftsadministrasjonen.

## Vent med å betale

Når du får sletta gjeld, får du tilsendt eit vedtak med ei oversikt over den nye gjelda di. Du finn konto- og nedbetalingsoversikta på [Dine sider på www.lanekassen.no](http://Dine_sider_på_www.lanekassen.no). Du betaler berre renter og eventuelle gebyr det første året etter oppteningsperioden. Sjølve lånet kan bli sletta dersom du bur og arbeider lenge nok i regionen.

Vent med å betale rekninga som forfell etter avslutta oppteningsperiode, til du får svar på søknaden. Vi sender ikkje purring så lenge søknaden er til behandling.

## Vilkåra du skriv under på i punkt 7

- Eg stadfester at opplysningane eg har gitt, er riktige og så fullstendige som råd. Sjå § 3 i [forskrifta om tilbakebetaling på www.lanekassen.no/forskrifter](http://forskrifta_om_tilbakebetaling_på_www.lanekassen.no/forskrifter).
- Eg er kjend med at eg bryt opplysningsplikta dersom eg gir urette eller ufullstendige opplysningar til Lånekassen eller til andre partar som Lånekassen hentar opplysningar frå til bruk i saksbehandlinga. Andre partar er for eksempel Nav, Skatteetaten og Folkeregisteret.
- Oppstår det endringar etter at søknaden er send inn, er eg forplikta til straks å gi Lånekassen melding om det.
- Eg er kjend med at Lånekassen kan kontrollere dei opplysningane eg har gitt, med andre offentlege institusjonar, kontor og register, jf. § 23 i [utdanningsstøttelova på www.lovdata.no](http://utdanningsstøttelova_på_www.lovdata.no), forskrifta om tilbakebetaling og [forskrifta om Lånekassen sin heimel til innhenting av opplysningar](http://forskrifta_om_lanekassen_sin_heimel_til_innhenting_av_opplysningar).
- Eg er klar over at urette eller ufullstendige opplysningar kan føre til at eg misser retten til sletting av renter, betalingslette og sletting av gjeld, og det kan føre til at lånet blir kravt tilbakebetalt. Eg kan også miste andre rettar etter utdanningsstøttelova med forskrifter. Sjå kapittel 15 i forskrifta om tilbakebetaling.

## Behandling av personopplysningar

Lånekassen behandlar personopplysningar i samsvar med regelverket for personvern. [Les personvernerklæringa vår på www.lanekassen.no/personvern-nn](http://Les_personvernerklæringa_vår_på_www.lanekassen.no/personvern-nn).